

# SAKSUTGREIING

Sakshandsamar: Aril Gjelsvik  
Arkivkode: 120 &13

## HØYRING: NOU 2003:14 - BEDRE KOMMUNAL OG REGIONAL PLANLEGGING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

### VEDLEGG:

1. Notat 31.09.2003 FKP – utkast til høyringsuttale
2. Fylkeskommunen, regionalavd. Datert 21.10.03

### BAKGRUNN:

Høyanger kommune er bedent om å gje ei uttale til framlagt høyring av NOU 2003:14. Vi følgjer utarbeidd momentliste frå forum for kommunale planleggarar (FKP).

I samband med utarbeidinga av ny kommuneplan for Høyanger på ein ny og meir funksjonell måte, har ein gjort seg følgjande tankar omkring framlegget!

Denne merknaden er allereie vidaresendt fylkesutvalet for handsaming den 11. desember.

### PLUT si problemstilling

- ”Plan- og bygningsloven fungerer stort sett etter hensikten” (mandatet, basert på St.mld 29, 1996-97)
- ”Utvalget meiner dagens system ikkje virker godt nok, og at dette påfører samfunnet tap både økonomisk og velferdsmessig”
- ”Utvalget ser behov for *forenkling, effektivitet og fleksibilitet* (...). ...sterkt ønskelig å *øke medvirkningen og forbedre kvaliteten* i planprosesser og planer”

### VURDERING:

#### Tankar i tida

1. **Sterke marknadskrefter**
2. Ein ikkje samordna stat
3. Detaljstyring frå rigide og sterke sektormyndar
4. Kommunane er for små i forhold til regionale statsetatar, og manglar virkemidlar for å løyse mange problem
5. Staten ”pålegg oss” mykje unødvendig planlegging
6. Dårlig kommuneøkonomi gir dårleg planoppfølging
7. Føresetnadene for planlegging endrast stadig raskare - vi bruker for lang tid på å planlegge gale ting til feil tid
8. Planane våre heng ikkje godt nok saman
9. Politikarane brukar ikkje planane godt nok i sine avgjerder
10. Dagens lov er forelda og/eller kan vere vanskeleg å forstå

Kva nye tankar i NOU 2003:14 er nytt i forhold til dagens Plan- og bygningslov?  
Kort kan ein beskrive det slik:

Kommunalt plansystem	Dagens PBL	NOU 2003:14 Planlovutvalet	Kommentar
Planstrategi	-	X	Ny, årleg
Samfunnsdel	X	X (?)	Om lag slik som no
Arealstrategi	-	(Ikkje obl.)	Ny
Handlingsdel	X	X	Utvida, årleg
Arealdel	X	X	Om lag slik som no
Planprogram	(berre KU <sup>1</sup> )	X	Ny
<b>KU av planar</b>	-	X	Ny

### Planstrategi

Gjennomgang av planbehov 1. år i ny valperiode. Dette er allereie utprøvd i enkelte kommunar. Dette vil gje oversikt - planlegging kan verte meir tydeleg som eit strategisk verktøy. Dette som eit godt grunnlag for vurdering av revisjon av kommuneplanen.

*"Planleggingen skal ikke være mer omfattende enn nødvendig" (...) "Planleggingen skal være målrettet. Den skal gi rom for lokale tilpasninger og prioriteringer. Som hovedregel velger den enkelte fk og kommune selv planleggingsoppgaver"*

### Samfunnsdel

*"Kommuneplanen skal styrkes som samordnende plannivå for all kommunal virksomhet"*

*"langsiktig planlegging med bred samfunnsmessig tilnærming; konkretisere de mål og visjoner politikerne har for utvikling av samfunnet"*

Vedtatt i omlag 60 % av kommunane 1995-99. Vert lagt lite til grunn for politiske vedtak (ordførarane: 22 %). Viktigast som informasjonskjelde (67 %) og "tverrpolitisk samlingsarena" (50 %) (NIBR 2001:20). Planstrategi kan medføre til å gje samfunnsdelen ny styrke. Svært usikker verknad på planpraksis.

### Langsiktig arealstrategi

Langsiktig arealstrategi (~ 30 år) som skal inngå i samfunnsdelen. Dette er frivillig element – heller liten verknad på planpraksis.

### Handlingsdelen

"Alle" kommunar lagar økonomiplan – koplinga må vera sjølvstøtt. PLUT foreslår at også "oppgåver kommunen skal løyse i samarbeid med andre offentlige eller private aktørar" skal inngå i handlingsdelen. Heller liten verknad på planpraksis.

### Arealdel

Skal tydeleggjerast som "grovmasket og overordnet planverktøy" Kan tilpassast kommunanes svært ulike behov.

Praksis i stor grad som i dag. Liten verknad på planpraksis

### KU – konsekvensutgreiing av planar

Dokumentasjonskrav og konsekvensvurdering integrerast i planprosessar - planer med "vesentlege verknader". Forenkling ved samanslåing av prosessar. Formell KU av kommuneplanens arealdel med alternativ vil nok i praksis vere uhandterleg! Usikkert om det vert enklare prosessar for (område-)planer. Usikker – mogleg positivt verknad på planpraksis.

---

<sup>1</sup> KU - krav om konsekvensutgreiing

## Planprogram

Gjeld planar med truleg vesentlege verknader. Grunnlag for planarbeid – som melding i dagens KU. Beskrive formål, prosess, tidsplan, deltakarar, medverknad og utgreiingsbehov. Dette er allereie på veg inn - utprøvd i fleire kommunar med godt resultat. Positiv verknad på planpraksis.

## Andre endringar

Temaplanar som kommunedelplanar:

KDP som arealplan forsvinn – nå berre temaplanar. Tydeleggjering av med å vere med i kommuneplansystemet  
Betre samordning av kommunens planar (med sterk rådmann...)

## 5 kritiske føresetnader

1. Kommunane får behov for å styrke plankapasitet og -kompetanse – vil det skje?
2. Kommunane må oppprioritere sin overordna planlegging – vil det skje?
3. Kommunane må tilførast makt frå sektoretatane – vil det skje?
4. Sektoretatane må endre haldning og åtferd – vil det skje?
5. Små kommunar bør slå seg saman for å kunne bli ein planaktør i tråd med lovens intensjonar – vil det skje?

*Utan dette – neppe store endringar i planpraksis...!*

## KONKLUSJON:

Rådmannen tek innhaldet i denne NOU'n til etterretning og viser elles til KPL sin høyringsuttale.